

Velkommen til isfiskedag i Aurland statsallmenning!

Aurland fjellstyre og Aurland turlag inviterer til «Kom Deg Ut Dag» med isfiske og uteaktiviteter i fjellet. Me oppmodar spesielt folk som ikkje er så vande med friluftsliv til å bli med!

Det er gratis fiskekort og me lånar ut isfiskeutstyr. I leiren er det lavvo og bål. Til slutt går me opp til Steinbergdalshytta kor me får litt varmt å ete.

Ta med varme kle, vintersko, solbriller, ski/truger/akebrett og noko du kan grilla på bålet.



Tid: Laurdag 20. april frå kl 11:00 og utover dagen

Stad: Oppmøte ved parkeringa langs fylkesvegen nedom Steinbergdalshytta. Fiskeplassen ligg om lag 100 meter unna, lett synleg frå vegen.

Påmelding seinast torsdag 18. april til Aron Gudmundsson (telefon 952 77 539, aron.gudmundsson@fjellstyrene.no). Sei i frå om du treng hjelp til transport/utstyr/klede etc.

NB: følg med på heimesida til Aurland fjellstyre for oppdatering (<https://www.aurland-fjellstyre.no/aktuelt>)

Fiskedagen vert gjennomført så sant vegen er open og isen trygg.

Helsing

Aurland turlag og Aurland fjellstyre